



MØTEBOK

| | |
|-----------------|---|
| Organ | Finansutvalet |
| Møtestad | Leikanger - fylkeshuset, møterom Sygna |
| Møtedato | 26.09.2018 |
| Kl. | 09:00 – 10.10 |

Faste medlemmer til stades:

Sigurd Reksnes, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp
Åshild Kjelsnes, Ap
Hilmar Høl, Ap
Helen Hjertaas, Ap
Karianne Torvanger, Ap
Bjørn Hollevik, H
Noralv Distad, H
Trude Brosvik, Krf
Gunhild Berge Stang, V
Frank Willy Djuvik, Frp
Jakob Andre Sandal, Sv
Stein Faleide Malkenes, Mdg

Forfall til møtet:

Jenny Følling, Sp
Karen Marie Hjelmeseter, Sp

Varamedlemmer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesrådmann Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Fylkesrådmannen sin stab v/FRM-økonomi

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Finansutvalet valde møteleiar Åshild Kjelsnes og Trude Brosvik til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Før handsaming av arbeidsdokumentet orienterte fylkesrådmannen v/bygg- og eigedomssjef Jan Tore Rosenlund om ei ev. utviding av firdasalen på fylkeshuset. Fylkesrådmannen vil legge fram ei sak om dette til fylkesutvalet den 18.10.18.

SAK 3/18 Budsjett 2019 / økonomiplan 2019-2022 - Arbeidsdokument 3/18

Handsaming i møtet:

Fylkesrådmannen sine tilrådingar er tekne inn først i kvart punkt. Nummereringa samsvarar med nummereringa i arbeidsdokumentet.

1 DRIFTSBUDSJETTET

1.1 Verknader av tertialrapport 2/18

Dei økonomiske konsekvensane av tertialrapport 2/18 vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteken.

1.2 Lokale inntekter

Ny prognose for lokale inntekter vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteken.

1.3 Kapitalinntekter/-utgifter

Ny prognose for ordinære renteinntekter, rentekompensasjon og kapitalutgifter vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteken.

2 INNSPEL FRÅ SEKTORANE

2.1 HU-sakene – tilpassing til rammene i 2019

Tilrådingane til hovudutvala vert lagt til grunn i det vidare arbeidet med budsjett 2019/ økonomiplan 2019-2022.

Endringsframlegg:

Noralv Distad, H, sette fram følgjande endringsframlegg: Søknaden frå Solund kommune om refusjon av utgifter til reguleringsplan for bru over Ytre Steinsund vert imøtekomen. Finansieringa vert teken frå disposisjonsfondet.

Aleksander Øren Heen, Sp, sette fram følgjande endringsframlegg: Hovudutval for næring og kultur ser positivt på at det vert satsa på å utvikle gode idrettsanlegg i fylket. Fylkeskommunen har ikkje sett av eigne midlar til denne type tiltak, og utvalet har ikkje rom for å imøtekome søknadane innan sektorbudsjettet. Nærings- og kulturavdelinga sine verkemiddel på kulturområdet er fagleg rettleiing og spelemidlar. Dette medfører at utvalet ikkje kan imøtekoma søknadane frå Jølster kommune om fotballhall, Jølster skisenter om alpinanlegg i Bjørkelia, og Skavøypoll idrettslag om turnhall i Vågsøy. Utvalet meiner søknadane i denne omgang må sjåast i samanheng med det totale budsjettarbeidet i fylkeskommunen.

Finansutvalet vurderte habilitet for Jakob Andre Sandal i høve handsaming av endringsframlegget til Aleksander Øren Heen. Sandal vart vurdert som inhabil under handsaming og avrøystinga av dette endringsframlegget.

Avrøysting:

Begge endringsframlegga vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen, med dei endringar som følgjer av delavrøystingane, vart samrøystes vedteken.

2.2 Tannhelse – tilpassing til rammene i 2019

Finansutvalet legg fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett for tannhelsesektoren til grunn i det vidare arbeidet med budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

Tannhelse sin del av målekart 2018 vert vidareført til 2019.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteken.

2.3 Politisk styring, plan og forvaltning – tilpassing til rammene i 2019

Finansutvalet legg fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett for sektoren politisk styring, plan og forvaltning til grunn i det vidare arbeidet med budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022. Som ein konsekvens av dette vert ramma til sektoren auka med 0,9 mill. kr i 2019 og med 0,4 mill. kr frå 2020.

Målekartet knytt til medarbeidar og organisasjon for 2018 vert vidareført til 2019. Målekart for plan i 2019 vert slik det ligg føre i vedlegg 4.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteken.

3 INVESTERINGSPLAN 2019-2022

3.1 Investeringsprogram for fylkesveg

Framlegg til investerings- og finansieringsprogram for fylkesveg vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteken.

3.2 Bygg

Framlegg til investerings- og finansieringsprogram for bygg vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteken.

4 ANDRE SAKER

4.1 Kontrollutvalet – framlegg til budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022

Finansutvalet tek framlegg til budsjett 2019/økonomiplan 2018-2022 for kontrollutvala til vitande.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteken.

4.2 Innspel til nytt inntektssystem - oppfølging

Finansutvalet tek orienteringa til vitande.

Endringsframlegg:

Finansutvalet sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Finansutvalet ber fylkesutvalet vurdere å gje fylkesrådmannen fullmakt til å gje innspel frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Avrøysting:

Tilleggsframlegget vart samrøystes vedteken.

5 SALDERING

5.1 Tilbakeføring av sluttsaldering i økonomiplan 2019-2022

5.2 Førebels salderingsskisse

6 VIDARE ARBEID

Punkta 5.1, 5.2 og 6 er utan tilråding

Dette gir følgjande konklusjonar:

1 DRIFTSBUDSJETTET

1.1 Verknader av tertialrapport 2/18

Dei økonomiske konsekvensane av tertialrapport 2/18 vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

1.2 Lokale inntekter

Ny prognose for lokale inntekter vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

1.3 Kapitalinntekter/-utgifter

Ny prognose for ordinære renteinntekter, rentekompensasjon og kapitalutgifter vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

2 INNSPEL FRÅ SEKTORANE

2.1 HU-sakene – tilpassing til rammene i 2019

Tilrådingane til hovudutvala vert lagt til grunn i det vidare arbeidet med budsjett 2019/ økonomiplan 2019-2022 med unntak av hovudutval for samferdsle, pkt. 6 og hovudutval for næring og kultur, pkt. 4.

Søknaden frå Solund kommune om refusjon av utgifter til reguleringsplan for bru over Ytre Steinsund vert imøtekomen. Finansieringa vert teken frå disposisjonsfondet.

Finansutvalet ser positivt på at det vert satsa på å utvikle gode idrettsanlegg i fylket. Fylkeskommunen har ikkje sett av eigne midlar til denne type tiltak, og hovudutvalet for næring og kultur har ikkje rom for å imøtekomme søknadane innan sektorbudsjettet. Nærings- og kulturavdelinga sine verkemiddel på kulturområdet er fagleg rettleiing og spelemidlar. Dette medfører at hovudutvalet for næring og kultur ikkje kan imøtekomme søknadane frå Jølster kommune om fotballhall, Jølster skisenter om alpinanlegg i Bjørkelia, og Skavøypoll idrettslag om turnhall i Vågsøy. Finansutvalet meiner søknadane i denne omgang må sjåast i samheng med det totale budsjettarbeidet i fylkeskommunen.

2.2 Tannhelse – tilpassing til rammene i 2019

Finansutvalet legg fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett for tannhelsesektoren til grunn i det vidare arbeidet med budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

Tannhelse sin del av målekart 2018 vert vidareført til 2019.

2.3 Politisk styring, plan og forvaltning – tilpassing til rammene i 2019

Finansutvalet legg fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett for sektoren politisk styring, plan og forvaltning til grunn i det vidare arbeidet med budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022. Som ein konsekvens av dette vert ramma til sektoren auka med 0,9 mill. kr i 2019 og med 0,4 mill. kr frå 2020.

Målekartet knytt til medarbeidar og organisasjon for 2018 vert vidareført til 2019. Målekart for plan i 2019 vert slik det ligg føre i vedlegg 4.

3 INVESTERINGSPLAN 2019-2022

3.1 Investeringsprogram for fylkesveg

Framlegg til investerings- og finansieringsprogram for fylkesveg vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

3.2 Bygg

Framlegg til investerings- og finansieringsprogram for bygg vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

4 ANDRE SAKER

4.1 Kontrollutvalet – framlegg til budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022

Finansutvalet tek framlegg til budsjett 2019/økonomiplan 2018-2022 for kontrollutvala til vitande.

4.2 Innspel til nytt inntektssystem - oppfølging

Finansutvalet tek orienteringa til vitande. Finansutvalet ber fylkesutvalet vurdere å gje fylkesrådmannen fullmakt til å gje innspel frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

5 SALDERING

5.1 Tilbakeføring av sluttsaldering i økonomiplan 2019-2022

5.2 Førebels salderingsskisse

6 VIDARE ARBEID

Punkta 5.1, 5.2 og 6 er utan tilråding og vedtak.
